



Voss Freestyleklubb
Postboks 46
5701 Voss
v/ Kristin Lemme
kristinlemme@gmail.com

Hordaland Fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
v/ Per Morten Ekerhovd
per.morten.ekerhovd@hfk.no

Voss, 7. desember 2016

Søknad om tilskot til FIS Freestyle Ski World Cup på Voss 2017

Me køyrer finale!

24. og 25. mars skal Voss Freestyleklubb arrangera finale i den aller fyrste verdscupen i Ski Big Air. Toppeliten av skikøyrarar frå heile verda kjem til Myrkdalen og Voss desse dagane for å bestemma kven som vinn heile verdscupen i Big Air.

Det sportslege opplegget er godt sikra gjennom erfarne arrangørar frå Voss Freestyleklubb, som har arrangert både World Cup og VM tidlegare. Ca 100 frivillige er i sving i organisasjonskomitéen og med andre oppgåver. Myrkdalen Fjellandsby, Destinasjon Voss, Norges Skiforbund og NRK er sentrale aktørar i prosjektet. Det vert konsertar og kulturelt opplegg i arena.

Voss Freestyleklubb vil med dette brevet søka Hordaland Fylkeskommune om eit tilskot på 100 000,- for å gjennomføra finalar i FIS Freestyle Ski World Cup 2017.

FIS-pålagde kostnader (premiepengar etc.), støtte til fjernsynsproduksjon, samt kjøp av varer og tenester i samband med arrangementa utgjer betydelige kostnader. World Cup-arrangementa har tidlegare sett Voss på det internasjonale skikartet, og bidreg i stor grad til profilering for turisme og reiseliv. Me har von om at arrangementet i 2017 skal skapa ringverknader langt utover det idrettslege. Me ynskjer også at dette skal vera starten på ein varig arrangementsstrategi innan freestyle, med årlege verdscuprenn.

Me håpar på positiv tilbakemelding på søknaden om tilskot, eit godt samarbeid kring gjennomføringa, og sjølv sagt – å sjå dykk glade og nøgde i bakken!

Med venleg helsing

Kristin Lemme, leiar i organisasjonskomiteen 2017